



STORDAL KOMMUNE

SAKSPAPIR

Endeleg vedtaksorgan: Formannskapet
Saksansvarleg.: Leif Kirkebøe

Arkiv: V5
Objekt:

Arkivsaksnummer
2005000126

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
	Formannskapet		LK

FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15.JUNI 2001 NR 75 OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL

Vedlegg i saka:

1. Skriv/mail av 27.04.06 vedlagt uttale av 19.04.06 frå "Regionalt utvalg for veterinærvakt".
2. Skriv frå Den norske Veterinærforening (mottatt 29.03.06).
3. Skriv frå KS vedk veterinærvakt 2005 (mottatt 02.09.05).
4. Skriv av 15.09.05 frå Stordal kommune til KS.
5. Skriv/mail av 10.03.05 frå Den norske Veterinærforening vedlagt LMD's forslag til vakttdistrikt.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

1. Ingen.

Saksopplysningar

Stordal kommune har gjennom ovannemnde skriv frå Den norske veterinærforening og Kommunenes Sentralforbund (KS) vorte halden orientert om det arbeidet som har vore på gang i høve veterinærproblematikken.

I samband med at skrivet frå Den norske Veterinærforening (mottatt 29.03.06) vart referert i kommunestyret den 10.05.06, vart det føresett at kommunen skulle gi ein uttale i saka.

Kommunen har ved tidlegare høve - som innspel til regionalt utval/arbeidsgruppe – tilkjennegitt at eit tidlegare forslag om at vår kommune skulle innlemmast i eit vakttdistrikt som skulle strekkje seg frå Ona til Geiranger, var ei heilt uakseptabel løysing både for dei som skal betjene eit slikt distrikt og ikkje minst for tryggleiken til dyra. Jf skriv frå kommunen av 15.09.05.

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har etter Stortingsvedtak nedsett eit sentralt utval som med utgangspunkt i dei økonomiske rammene for avtalen om klinisk veterinærvakt mellom Den norske Veterinærforening og LMD, skal foreslå korleis den kliniske veterinærvakta best skulle kunne organiserast når det gjeld

- antal vaktområde
- storleik på/geografisk utstrekning av vaktområda
- tilpassing av bemanning i områda etter behov

Ettersom det sentrale utvalet var avhengig av innspel frå regionane, vart det nedsett regionale arbeidsgrupper som skulle koordinere det regionale utgreiingsarbeidet (tilsvarande Mattilsynet si regioninndeling). For vår region vil dette vere region Midt-Norge som omfattar M&R og begge Trøndelagsfylka. Gruppen har bestått av representantar frå Den norske Veterinærforening, Mattilsynet; Norsk Bonde- og småbrukarlag, Norges Bondelag og KS.

Staten har i dag ansvaret for å sikre ei forsvarleg, einskapeleg og landsdekkjande dyrehelseteneste. Dette inkluderar veterinærvaktordning og finansiering av denne. Beredskap mot alvorlege smittsame dyresjukdomar, forsvarleg dyrehald og god mattryggleik er andre viktige samfunnsoppgåver for dyrehelsepersonell.

Staten v/LMD ynskjer gjennom lovendring å overføre dette ansvaret frå staten til kommunane både det som gjeld veterinærdekning og beredskap/veterinærvakt.

Forslag til endeleg inndeling av vaktområde og ressursbruk skal vere klar i løpet av juni 2006. Ny veterinærvaktordning basert på ny avtale skal tre i kraft frå 1.juli 2006.

Nye regionar skal etablerast frå 1.januar 2010.

Den regionale arbeidsgruppa for Midt-Norge konkluderar sitt arbeid slik:

”Det vil være naturlig at ny veterinærvaktordning med statlig ansvar videreføres inntil da (d.v.s. 1.januar 2010) og legges inn som oppgave for nye regioner.

Kommunalt ansvar for veterinærdekning og vakt kan skape stor usikkerhet og store variasjoner, faglig og økonomisk. Kompetanse til å administrere en slik ordning i kommunene vil også variere. Det vil bli stort behov for samarbeid mellom kommuner som kanskje prioriterer forskjellig faglig og økonomisk.

Utvalget er bekymret for uheldige konsekvenser ved overføring av ansvar for å sikre en landsdekkende dyrehelsetjeneste fra stat til kommune. Utvalget er bredt sammensatt. Alle medlemmer mener at faglige og økonomiske konsekvenser er for dårlig belyst og at den organisasjonsmessige behandlingen er mangelfull.

Konklusjon:

Ny veterinærvaktordning som iverksettes 1.juli 2006 bør fortsatt være et statlig ansvar. Foreslåtte lovendringer utsettes inntil faglige og økonomiske konsekvenser er bedre belyst og avklart. Dette forutsetter behandling i alle berørte organisasjoner.”

Vurdering:

Med den samansetjing nemnde arbeidsgruppe har hatt, der kommunane sin organisasjon KS har teke del, var det føreset at KS skulle tale kommunane si sak i denne gruppa.

Stordal kommune har tidlegare tilkjennegitt overfor KS kommunen sitt syn på forslag til nye veterinærdistrikt, jf skriv av 15.09.05.

I telefonsamtale med leiar i arbeidsgruppa, ordførar Gunnar Hynne i Hemne kommune, vert det opplyst at bakgrunnen for arbeidsgruppa sin konklusjon nettopp er at ei overføring av ansvaret frå stat til kommune no vil sette opplegget for ei god og stabil veterinærvaktordning i fare.

Det vert m.a. vist til at ordninga ikkje er tilstrekkeleg forankra i organisasjonane, og at ei ny ordning vil skape uvisse og store variasjonar, fagleg og økonomisk kommunane i mellom. Ein har i dag ikkje tryggleik for den økonomiske oppfylgjinga frå staten si side ved ei slik overføring.

Rådmannen vil rå til at Stordal kommune går imot ei overføring av ansvaret til kommunane for dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvakt. Staten bør framleis ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkjande dyrehelseteneste. Samstundes bør ein sterkt understreke – sjølv om dette ikkje er tema no - at ein får vakttdistrikt som er levelege for dei som skal betjene desse og som ikkje minst distrikt som kan ivareta tryggleiken for dyra på ein god måte. Dette må og gjelde i dei små distriktkommunane.

Ettersom fristen til uttale er 15.mai 2006, vert saka/uttalen sendt departementet utan politisk handsaming, likevel slik at ev endringar i uttalen som måtte framkome under den politiske handsaminga (24.05.05) vert å ettersende.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Stordal kommune går imot forslag til endring av Lov av 15.juni 2001 nr 75 om veterinærer og annet dyrestell som vil føre til ei overføring av ansvar til kommunane for dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvakt. Staten skal ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkjande dyrehelseteneste.
2. Stordal kommune ser det samstundes som overmåte viktig at det vert etablert veterinærvakttdistrikt som ikkje er større enn at desse kan betjenast på ei god måte og som ikkje minst kan ivareta tryggleiken for dyra på ein god måte.

